


SOLUND SOKN

2022



Årsmelding

Vedteken Solund sokneråd 29.03.23

SOLUND SOKNERÅD

I. TILSETTE OG MEDLEMAR AV RÅD OG UTVAL

A. Soknerådet

Medlemmar

Soknerådsleiar Anne Kari Reigstad
Nestleiar Bjarte Engevik
Arild Hove
Silje Lending (perm)
Karen Backlund Nessen
Idar Vaulen
Geistleg representant: Bjørn Magne Hansen
Personleg vara for geistleg representant: Per Børge Hillestad
Kommunal representant: Anne Marie Gåsvær
Personleg vara for kommunal representant: Erlend Lambrechts Trovåg

Varamedlemmar

Terje Midtbø
Bjørg Marie Hjartholm
Sigurd Kråkås
Roar Jarle Trovåg
Eldbjørg Danielsen

Kjønnslikstilling/-fordeling

Rådet sin samansetning er relativt jamt kjønnsfordelt. (*Jmf. §12 (4 a)*).

B. Soknerådet sitt arbeidsutval er sett saman av

Leiar
Nestleiar
Sokneprest

Kyrkjeverja er sakshandsamar og sekretær for soknerådet, arbeids- og tilsetjingsutvala og styret for fondet Musikkarbeid blant barn og unge.

Diakoniutvalet

Ein har ikkje valt nye medlemmar av utvalet for 2022.

Kyrkjelydsutvala

Ein har ikkje valt nye medlemmar av utvala for 2022.

Møter og anna

Soknerådsmøter: 4

Arbeidsutvalsmøte, inkludert tilsetjingsutvalsmøte: 7

Kyrkjelyden sitt årsmøte var kalt inn til i Solund kyrkje 8.5.2022. Det årlege møtet gravplassforvaltninga skal ha med andre trussamfunn, skjer i tilknyting til dette møtet, evt. saman med andre sokn. Det var heller ikkje i år andre registrerte trussamfunn i kommunen.

C. Tilsette i Solund sokn 2022

Solund sokneråd har 6 tilsette i Soknerådet, i stillingar som kyrkjeverje, kantor, vaktmeister/gravplassarbeidar, reinhaldarar, klokkar og kyrkjetenarar. Dette er små stillingar som utgjer kring 2,42 årsverk til saman.

Vakante tenester har i moderat grad vore dekka opp av tilkallingsvikarar.

Kjønnslikestilling/-fordeling

Det var fleire kvinner tilsette enn menn: 3:1. Det er ikkje utvikla særskilte tiltak for å jamne ut dette, då soknet har små stillingar, det vekslar mellom kjønnsbalansen, og fleire av stillingane er vanskeleg rekrutterbare. (*Jmf. §12 (4 a)*).

Stillingsoversyn

Felles stillingar	Stilling (%)	
Kyrkjeverje	60	Mona Hjønnevåg Samt ekstra timer i høve etterslep
Kantor med diakoni- og trusopplæringsoppgåver	82	Liudmila Savchenko Vakant i desember
Klokkar alle tre kyrkjene	14	Liudmila Savchenko Vakant i desember
Gravplassarbeidar/vaktmeister	20 1- 9. januar 40 10. januar – 24.mai 59 fra 25. mai	Karl Fredrik Helgesen

Husøy kyrkje		
Kyrkjetenar	5	Odd Peder Kårstad
Reinhaldar	6	Tracy Strømmen

Solund kyrkje		
Reinhaldar (inkl. Kyrkjeturnet (m/vaktmeisteroppgåver) og Hersvik)	16 Auka f. om. 1.1.22	Randi Cecilie Odéen
Kyrkjetenar	12	Karl Fredrik Helgesen

Hersvik kyrkje		
Sjå over		

D. Bispedømetilsette

I kyrkja sin stab har ein òg sokneprest Bjørn Magne Hansen, som er tilsett av Bjørgvin bispedømeråd (100% stilling). Dei tre kommunane Masfjorden, Gulen og Solund er eit samarbeidsområde for prestane, der ein vikarierer for kvarandre.

Dei tre kommunane Solund, Gulen og Masfjorden finansierar saman 50 % av soknepreststillinga i Masfjorden, slik at ein då kan ha eigen sokneprest i full stilling i kvar av dei tre kommunane. Det er utarbeida ei eiga samarbeidsavtale for dei tre stillingane, der m.a. soknepresten i Masfjorden skal bidra inn i trusopplæringsarbeidet i Gulen og soknepresten i Solund bidra inn i det diakonale arbeidet i Gulen. I tillegg til soknepreststillinga gjev bispedømerådet tilskot til 10 % stilling som trusopplæringsmedarbeidar i Solund (del av kantorstillinga).

Noverande sokneprest i Gulen har ei tilsetjingsavtale med såkalla «nordsjøturnus», der han i snitt er 15 dager i Gulen og 13 dager heime i Sandnes i Rogaland. Når han ikkje er i Gulen, er det soknepresten i Solund som tek dei fleste gravferdene og i tillegg ca. fem til sju gudstenester i Gulen årleg. I tillegg har han månadlege eldretreff i Byrknes bu- og omsorgssenter.

II. OM ÅRET 2022

A. Særskilt for året

12. februar vart dei nasjonale, forskriftsfesta tiltaka mot covid-19 fjerna. Kyrkjene kunne derfor igjen opne dørene utan restriksjoner på antal deltakarar, avstand, bruk av munnbind og handsprit, og så vidare. Etter anbefaling vart framleis besøkjande anbefalt å halde seg heime ved luftvegsinfeksjonar.

Framleis med koronapandemi i verda, no i ei mildare form, vart det storkrig i Ukraina 24. februar. Soknet bidrog med fyrstehjelpsutstyr, som vart sendt med brannbilen Solund kommune gav. Krigen kasta dessutan større ringverkader for verda, også for soknet, og har i lag med andre faktorar gjort at prisar særskilt på drivstoff, straum, mat og tenester auka kraftig. Soknet tilrettela feiring av ortodoks jul med tilbod om opa kyrkje på deira juledag



Brannbil frå Solund kommune



Fyrstehjelpstyr frå Solund sokn

B. Tiltak utført i 2022

1. Solund Kyrkjetun

Det var ekstern vasslekkasje rundt Kyrkjetunet. Denne vart reparert, og drenering oppgradert frå terreng og takrenner rundt heile huset, som igjen vart kopla på avløpsnett. Den gamle parafintanken i hagen vart oppgrave og fjerna samstundes, saman med ny tilkomst-sti, opprydding av hage og oppgradering av universell tilkomst. Området er gruslagt og skal asfalterast. Utelyset vart også erstatta av to LED-utelys som skal stette universell utforming. Reparasjonen vart dels finansiert av forsikringsoppgjer og midlar frå kommunen (ansvarlege for vassledningsnettet).



Foto: Bjørkhaug

1. etg.

- Nordvendt og sørvendt kontor er utleigde på heiltid
- Salen vart nytta ca. 30 gonger gjennom året, etter å ha vore lite brukt gjennom pandeminedstenginga. Seks av desse var utleige, resten eigen bruk og gratis utlån. Bord og stolar vart og lånt ut til frivillige lag og organisasjonar.

2. etg.

- Leilegheita i 2. etg. er leigd ut som bustad.

2. Solund kyrkje

Malinga i inngongspartiet skallar, og vart pussa for maling.

3. Hersvik kyrkje

I januar knakk kyrkjespiret i ein storm som ødela mykje i heile fylket. Spiret vart demontert av fagfolk som konstanterte at tårnet var tett, og ettersett av takstmann frå forsikringsselskap. Det er planlagt nytt spir, då det gamle ikkje kan reparerast.

4. Husøy kyrkje

Det trenger inn større mengder regnvatn ved sterkt vind på søraustvendt vindauge på kortsida av kyrkja, og utgriing er sett i gong for å utbetre dette. Problemet er nok sannsynleg årsak til at ein kledte inn vegg og vindauge med plater i si tid. Det vart planlagt oppgradering og søkt tilskot til nye LED-flomlys, då dei gamle no ikkje verkar.

III. ØKONOMI

Hovudtrekk økonomi

A. Drift

Rekneskapen 2022 gjekk i 0. I utgangspunktet var det 377 713,80 i mindreforbruk, men vart nulla ut med å stryke bruk av fond, slik ein skal etter økonomiforskrifta. Det vart brukt over ein halv million på naudsnyt drenering og oppgradering rundt Kyrkjetunet. Dels redda inn av ekstraoverføring jmf. tidlegare tenesteytingintensjon, og større mindreforbruk på postar som bruk av vikar ifht. sjukepengerefusjon, vakanse, graving, og utruleg nok straum (fordelaktig straumavtale).

Kyrkjetunet sitt rekneskap skal vanlegvis sjåast separat frå øvrig drift. Dette er ikkje gjort i år grunna det store dreneringstiltaket rundt Kyrkjetunet, som er dekka inn frå gen.disp.fond og frå det totale mindreforbruket i soknet.

B. Investering

Det er 97 500 i udisponerte investeringsmidlar i 2022, av kommunen si årlege overføring på 100 000. Gravplassoppgraderinga kom i gong i form av drøftingsmøte 18.11.22 mellom gravplassforvaltninga i Solund, Solund kommune og gravarfirma Bjørkhaug, og munna ut i ein førebels framdriftsplan.

C. Dugnad

Det er og lagt ned mange timer i dugnad.

D. Kontakten med Solund kommune

Soknerådet opplever kontakten med Solund kommune som svært konstruktiv og god, både når det gjeld velvilje, yting av midlar, idéutveksling og hjelp.

Rapporten si utforming stettar universell utforming.

IV. ANNA KYRKJELEG AKTIVITET I 2022

Etter at smitteverntiltaka i samband med koronapandemien gradvis vart letta utover i 1. halvår 2022, har den kyrkjelege aktiviteten forsiktig teke seg opp att. Som i mange samanhengar elles i samfunnet vil det nok ta tid før ein eventuelt kjem opp att på same nivå og frammøte som før pandemien sette inn. Samstundes som nok mange er forsiktige med å gå ut og vere i større samanhengar, ser ein tydeleg at folk set stor pris på no endeleg å kunne vere med på ulike arrangement. Jfr. elles kyrkjeleg årsstatistikk for 2022.

Begrensingar til aktivitetar

Diverre har to av dei fire hovudbygga ikkje optimal universell tilkomst, herunder hovudkyrkja, og som kan vere til hinder for å delta på aktivitetar. Det er sett i gong utgreiing for utbetring. (*Jmf. §12 (4 c)*).

A. GUDSTENESTER

I gudstenesteordninga som no gjeld for området Masfjorden, Gulen og Solund i Nordhordland prosti, har Masfjorden 50 årlege gudstenester, Gulen 55 og Solund 45. Soknepresten i Solund skal ha 5 gudstenester årleg i Gulen, slik at kvar av de tre sokneprestane då årleg har 50 gudstenester kvar.

I praksis er gudstenestetalet i Solund i eit normalår noko høgare. I delar av januar og i påska vart gudstenestene avlyst grunna smittevernreglane under pandemien. Sidan var det gjennom året avgrensa tal på deltakarar. Frammøtet til gudstenestene har då vorte tydeleg redusert, sidan nok mange òg har vore forsiktige med gå ut og møte andre.

1. På Solundheimen

- 18.04 Høgtidsgudsteneste 2. påskedag
- 06.06 Høgtidsgudsteneste 2. pinsedag
- 30.10 Gudsteneste
- 24.12 Gudsteneste Julaftan
- 26.12 Høgtidsgudsteneste 2. Juledag

2. Andre stader

- 26.05 Helgetorsdag skulle det vore sportsgudsteneste på Sperrefjellet i Ytre Solund, men grunna därleg vær vart gudstenesta i staden i Husøy kyrkje.
- 12.06 Soknerådet var medarrangør av "Sjøveis kyrkjereis" til Fedje, med gudsteneste der. Ein hadde sett opp veteranbåten M/S Atløy frå Hardbakke og fleire frå Solund vart med, trass heller därleg vær.
- 10.07 Friluftsgudsteneste på Kirkjeneset, Losna, i samband med Losnaspelet.
- 24.07 Familiegudsteneste og basar i Indrevær bedehus

3. Av særskilte gudstenester i kyrkjehusa hadde ein

- 15.05 Samtalegudsteneste med konfirmantane i Husøy kyrkje
- 06.11 Lysmesse Solund kyrkje Helgemessesundag (med deltaking av konfirmantane)
- 26.11 Lysmesse Husøy kyrkje 1. sundag i adventstida (med deltaking av konfirmantane). Her deltok prosten i Nordhordland, Helge Taranrød, og kantor

Liudmila Savchenko vart takka for si teneste i Solund (gjekk ut i 6 mnd. permisjon frå 01.12.22). Etter gudstenesta tok ein del ved Solundir kvinne- og familielag si julemesse i Ytre Solund bygdehus.

B. DÅP

Med eit svært lite dåpskull i 2022, var det berre 1 dåp (av ein konfirmant).

Solund kyrkje 1 dåp

C. KONFIRMASJON

7 unge var konfirmert i Solund i 2022:

Solund kyrkje	5 konfirmantar
Husøy kyrkje	2 konfirmant

Etter at konfirmasjonane i 2021 grunna pandemien var i august og september, var konfirmasjonsdagen no attende på Pinsedag, som tidlegare.

D. VIGSLER

Det var 1 vigsel i Solund i 2022.

Solund kyrkje 1 vigsel

E. GRAVFERDER

Det var 9 gravferder i 2022. 1 av desse var ikkje busett i Solund, der gravferda gjekk frå kyrkje annan stad, men med nedsetjing av båra her, med jordpåkasting her. I tillegg vart 1 urne sett ned, der vedkomande var busett i annan kommune og vart bisett der. Dei 9 gravferdene er fordelt slik:

Solund kyrkjegard	4 gravferder (+ 1 urne sett ned)
Hersvik kyrkjegard	2 gravferder
Straumen kyrkjegard	3 gravferder
Husøy kyrkjegard	0 gravferder

F. OPEN KYRKJE

Sidan gudstenestene i påske vart avlyst, var det i staden open kyrkje dei dagane det elles ville vore gudsteneste. I tillegg har ein hatt open kyrkje ved nokre høve:

13.03 Solund kyrkje	Denne sundagen var det òg nasjonal markering av krigen i Ukraina, med ringing med kyrkjeklokken.
---------------------	--

G. KYRKJELYDSKVELDAR

Det vart ikkje arrangert kyrkjelydskveldar i 2022.

H. SAMARBEID MED BARNEHAGE OG SKULE

Solund barnehage hadde påskesamling i Solund kyrkje før påske og Solund barne- og ungdomsskule hadde gudsteneste i Solund kyrkje i adventstida.

I. TRUSOPPLÆRING

Tiltak ein har som del av trusopplæringa er følgjande:

1. Dåpssamtalar

Før kvar dåp har soknepresten dåpssamtale. Samtalane finn som oftast stad heime hjå dåpsfamilien eller av og til i kyrkja.

2. Dåpen

Ved dåpen delast følgjande ut:

- Dåpslys m/12 symbol, m/forklaring til symbola og faldaren “Bruk dåpslyset”
- Dåpslysestake (laga ved Vik fengsel)
- Boka “Arvegull”
- Kveldsbønplakat (“Kjære Gud, eg har det godt”)
- Dåppsserviett (handsydd frå Madagaskar, m/informasjonsark om servietten). Servietten vert laga gjennom eit av Det Norske Misjonsselskap sine prosjekt.
- Fadderbrev

3. 4-årsbok

Alle fireåringane i Solund får invitasjon til å ta imot ei 4-årsbok i kyrkja. Utdelinga er i ei familiegudsteneste i september/oktober, saman med presentasjon av konfirmantane.

4. Biblar til 10-åringane

Utdeling av biblar til desse plar vere tidleg på året, men pandemien har dei siste to åra sytt for ein ikkje har hatt høve til det. Tiltaket vert då istaden gjennomført i byrjinga av 2023 for 3 årskull.

5. Kvardagsskulen i Straumen

Kvardagsskulen held til i Ytre Solund fleirbruks hus (det tidlegare skulehuset i Straumen) og er tilslutta Søndagsskolen Norge. Soknepresten er hovudleiar, kantor medleiar, i tillegg til at foreldra til borna er med. Grunna kapasitetsmangel hadde ein dverre ikkje samlingar i 2022, men kjem igong att i 2023.

6. Bu-heime-leir

Grunna pandemien vart det ikkje arrangert leir dette året.

7. Mini-konfirmasjon

Grunna pandemien var heller ikkje dette tiltaket gjennomført i 2022, med avlysning av minikonfirmantleiren.

8. Konfirmantarbeidet

1. halvår 2022 var det 7 som tok del i konfirmantundervisninga i Solund. 5 vart konfirmert i Solund kyrkje og 2 i Husøy kyrkje. Undervisninga er lagt rett etter skuletid, kl 14.30 - 16.00 i Solund kyrkje. Konfirmantane får middag frå kjøkenet på Solundheimen.

Den planlagde konfirmanthelga på Alværa Misjonssenter saman med Gulen i januar vart avlyst grunna pandemien. I staden valde ein saman med Gulen å ha ein dagstur med båt til Husøy og Utvær 23. april. Ein dag med sjeldant fint vårvêr gjorde sitt til at dagen vart svært vellukka.

Det nye kullet hausten 2022 tok til i byrjinga av september.

9. Trusopplæringsmedarbeidar

Kantor Liudmila Savchenko har 10 % stilling knytta til trusopplæring.

10. Trusopplæringsplan

I 2011 og 2012 vart det i samarbeid med sokna i Gulen utarbeida ein trusopplæringsplan for sokna i Gulen og Solund. Planen vart godkjend av Biskopen i Bjørgvin hausten 2012. Ein rapporterar årleg inn aktiviteten og Bjørgvin bispedømeråd har årlege samtalar som eit ledd i evalueringa av arbeidet. Soknepresten tek del i desse samtalene.

J. DIAKONI

Det diakonale arbeidet har gradvis kome i gang att etter pandemien. Tiltak som plar vere er følgjande:

1. Arrangement på Solundheimen

Heile året har sokneprest og kantor vore der stort sett kvar veke.

Her var 28 andaktar i 2022. I tillegg song me, tradisjonen tru, "jula ut" 20. dag jul (13. januar). Ein har òg hatt 5 gudstenester (sjå eige avsnitt over).

2. Eldretreff

Etter pandemien kom ein ikkje i gang att med eldretreff dette året, men endeleg i februar 2023.

3. Eldretur

Etter 2 år utan eldretur, vart det endeleg tur att, i samarbeid med Mjømna sokn. Turen gjekk dette året til Dale i Sunnfjord, med vitjing av Jakob Sande-senteret og Dale kyrkje.

4. Solund frivillegentral

Kyrkja er ein av samarbeidspartnerane i frivillegentralen, som starta opp i 2005.

5. Diakonimedarbeidar

Kantor Liudmila Savchenko har 10 % stilling som diakonimedarbeidar. Ho har vore med ved andaktar og oppgåver som fell saman med trusopplæringa. Dei eldre set tydeleg pris på dei mange musikalske innslaga ved andaktane!

K. KYRKJEMUSIKK

Kantor Liudmila Savchenko har hovudansvaret for det kyrkjemusikalske arbeidet. Her følgjer eit oversyn over konsertane i 2022:

1. Konsertar

Det var totalt 10 konsertar i 2022, med 377:

KONSERTAR

Dato	Stad	Arrangement	Deltakrar	Til stades
1 10.04.2022	Solund krk	"Me syng påska inn" (musikkandakt)	Kantor Liudmila Savchenko	7
1 28.05.2022	Solund krk	"Klassisk vårkonsert"	Daniel Hyunwoo Evans og kantor Liudmila Savchenko	12
1 11.07.2022	Solund krk	Konsert for turistgruppe	Gunn Åmdal Mongstad	12
1 23.07.2022	Solund krk	Konsert for turistgruppe	Gunn Åmdal Mongstad	15
1 20.10.2022	Solund krk	Konsert ved politirådsmøte	Gunn Åmdal Mongstad, Erlend Lambrechts Trovåg og kantor Liudmila Savchenko	10
1 25.11.2022	Solund krk	"Vintereventyr" (konsert)	Elena Girunyan, Malene Kårstad, Irina Tarasova, Pavel Girunyan og kantor Liudmila Savchenko	30
1 19.12.2022	Solund krk	"Me syng jula inn" (julekonsert)	Solund skulemusikk	96
1 27.12.2022	Solund krk	"Romjulskonsert"	Diverse utøvarar, leie av Erlend Lambrechts Trovåg	35
8 konsertar				217

KONSERTAR

M.M. I REGI AV ANDRE

1 16.05.2022	Solund krk	Barnehage- og skulekonsert	Solund kulturskule v/Liudmila Savchenko	75
1 24.10.2022	Solund krk	Barnehage- og skulekonsert	Solund kulturskule v/Liudmila Savchenko	85
2 konsertar				160

2. Pianoundervisning

Som ein del av si stilling har kyrkjemusikaren òg pianoundervisning (15 % stilling) i ein tenesteytingsavtale med kulturskulen. Stillingsstorleiken gjev rom for 8 elevar.

L. MISJONSARBEIDET

Det er éi misjonsforeining i Solund, Hardbakke misjonsforeining, som er tilslutta Den Norske Misjonsselskap. Betelskipet frå Den Indre Sjømannsmisjon kjem årleg innom Hardbakke, men var ikkje innom i 2022. Soknerådet står òg misjonsarbeid gjennom takkoffer i kyrkja og rmisjonsprosjektet.

1. Misjonsprosjektet

I 2004 inngjekk Solund sokneråd ein avtale med Det Norske Misjonsselskap om å støtte eit av deira misjonsprosjekt. Frå 2015 arbeider ein for born og unge i slummen i Bangkok i Thailand. Det er sett av 4 takkoffer i kyrkjene kvart år til prosjektet.

2. Hardbakke Misjonsforening

Foreininga har 10-11 medlemmar og møtast kvar tredje veke i skuleåret. Møta vert haldne i Kyrkjetunet og det vert arrangert ein årleg basar òg dessutan tombola på Solunddagen. Inntektene som kjem gjennom basaren og kollekt på møta går til misjonsprosjektet ved Det Norske Misjonsselskap og til Alværa Misjonsenter.

M. INFORMASJONSARBEID

Ut frå personalressursane me har til rådvelde, er følgjande tiltak i gang når det gjeld informasjonsarbeid:

1. Kyrkjeblad for Solund

Kyrkjebladet kom i 2022 ut med eitt nummer, til jul. Soknepresten er ansvarleg redaktør og trykkeriet Erik Tanche Nilssen AS utformar bladet. Redaksjon består av Torild Teige Strand, Anne Marie Gåsvær og soknepresten. Bladet sendast alle husstandar i Solund og i tillegg til rundt 150 utflytta sulingar, kyrkjekontor i nabokommunane m.fl

2. Heimeside

Kyrkja har ei heimeside (www.solund.kyrkja.no).

3. Andre informasjonskjelder

Gudstenestene og konsertar vert kunngjort på kyrkja si heimeside, gjennom facebooksida "Solund Nyheter", i kommunen sin kulturkalender, i Firda og på plakatar.

Ein vil til slutt få takke alle tilsette og frivillege for innsatsen i året som gjekk og ynskje lukke til med arbeidet i 2023!

Hardbakke 21. mars 2022


Anne Kari Reigstad
Leiar Solund sokneråd


Mona Hjønnevåg
Kyrkjeverje


Bjørn Magne Hansen
Sokneprest

28. Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2022

1 Opplysningar om soknet

1.1 Kommunenummer 4636	Fellesrådets organisasjonsnummer 976995759
1.2 Namnet på fellesrådet SOLUND SOKN	Organisasjonsnummer til soknet 976995759
1.3 Namnet på soknet SOLUND SOKN	Postnummer 6924
1.4 Adressa til soknet Kyrkjekontoret	Poststad HARDBAKKE
1.5 Namn skjemaansvarleg Bjørn Magne Hansen	E-post skjemaansvarleg soknepresten@solund.kyrk
	Telefonnummer 47669620

2 Kyrkjelege handlingar

For føring av dei kyrkjelege handlingane skal registrerings- og meldingsrutinane følgjast, og tala herfrå danner grunnlaget for føring i årsstatistikkskjemaet.

2.1 Kor mange blei konfirmerte i soknet?	7	Talet på deltagarar
2.2 Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet?	1	38
2.3 Kor mange forbønshandlingar for borgarlege giftarmål blei utførte i soknet?	0	
2.4 Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet?	9	
2.4.b ... kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)?	9	
2.5 Hvor mange deltagare var det ved gravferder foretett i soknet?	585	

3 Gudstenester

3.A Antall gudstenester og deltagare

	Talet på gudstenester	Talet på deltagarar
3.A.1 Kor mange gudstenester blei totalt haldne på sön- og helgedagar?	45	965
3.A.2 Kor mange gudstenester blei totalt haldne utanom sön- og helgedagar?	2	78
3.A.3 Totalt tal på gudstenester og deltagarar (sumfelt)	47	1043

3.B Fordel totalt tal på gudstenester etter kvar dei fann stad

	Tal på gudstenester
3.B.1 i kyrkja/ene i soknet?	40
3.B.2 på institusjon i soknet?	5
3.B.3 på ein annan stad, verken i kyrkja/ene i soknet eller på institusjon i soknet?	2
3.B.4 Totalt tal på gudstenester (NB!! Summen skal vere lik 3.A.3)	47

3.C Kor mange av desse typane gudstenester blei gjennomførte?

	Tal på gudstenester	Totalt tal på nattverdsgjestar	Totalt tal til skriftemål	Totalt tal på deltagarar
3.C.1 Gudstenester med nattverd	30	138		
3.C.2 Gudstenester med skriftemål	0			
3.C.3 Hovudgudsteneste særlig tilrettelagd for barn	5			234
3.C.4 Gudstenester særlig tilrettelagd for ungdom	3			122
3.C.5 Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn	0			
3.C.6 Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn	1			63
3.C.7 Gudstenester med dåp	1			15
3.C.8 Konfirmasjonsgudstenester	2			152
3.C.9 Julaftansgudstenester	4			210

3.C.10 Gudstenester i påska	4	54
3.C.11 Gudstenester Kristi Himmelfartsdag	1	10
3.C.12 Gudstenester i pinsa	3	162
3.C.13 Gudstenester med samisk innslag	0	
3.C.14 Allehelgensgudstenester	1	22
3.C.15 Økumeniske gudstenester	0	
3.C.16 Temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon	0	

3.D Felles gudstenester

Blei det arrangert felles gudsteneste(r) med andre sokn?

Ja Nei

Talet på gudstenester
1

Talet på sokn
12 og over

4 Kontakt med barnehage og skole

4.A Besøk i kyrkja utanom gudsteneste

		Talet på besøk (ikkje personar)	Talet på avdelingar
4.A.1 Av barnehage	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	1	2
4.A.2 Av skoleklasser	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		Talet på klasser

4.B Besøk av prest, kateket, trusopplærar eller annan kyrkjelydsarbeidar?

		Talet på besøk (ikkje personar)	Talet på avdelingar
4.B.1 I barnehage	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		
4.B.2 I skoleklasser	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		Talet på klasser

4.C Dreiv kyrkjelyden barnehage? Kor mange barnehagar blei drivne i kyrkjelyden sin regi?

Dette gjeld barnehagar som Den norske kyrkja/kyrkjelyden eller fellesrådet driv, eller der kyrkjelyden er inne som eiger, sit i stiftelsen og liknande, og som kyrkjelyden vurderer som "barnehagen sin".

	Tal på barnehagar	Totalt tal på barn
4.C.1 <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		

5 Opplæring og diakoni

Har kyrkjelyden vedteke lokal diakoniplan?

Ja Nei

6 Ulike tilbod til barn og vaksne

I delane (6-9) skal ein føre opplysningar om verksemda som soknerådet, dei tilsette og/eller prestane har ansvaret for, og som inngår i soknerådets planar og rapportar. Dersom fleire sokn samarbeider om eit tiltak/tilbod, skal det først i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal først i det soknet der aktiviteten fann stad.

6.A Tilbod til barn 0-12 år

Her først opplærings- og diakonale tilbod til ungdom i alderen 0-12 år. Ein person registrerast kunn ein gong. Då oppmøtet kan variera frå gong til gong kan det først ein anslag på kor mange barn (unike deltagarar) som nyttar tilboden.

	Samarbeid med andre sokn	Talet på tilbod	Talet på deltagarar
6.A.1 Arrangerte kyrkjelyden <u>babysong</u> eller <u>småbarnsong</u> for barn 0-5 år?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		
6.A.2 Dreiv kyrkjelyden søndagsskole?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		
6.A.3 Dersom ditt sokn hadde ansvar for eit samarbeidsarrangement, ver venleg å spesifiser kva for andre sokn som har teke del:			

6.B Tilbod til unge 13-17 år

Her fører ein opplærings- og diakonale tilbod til ungdom i alderen 13-17 år. Konfirmantar kan telles med dersom det ikkje er en del av den ordinære konfirmantundervisninga. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nyttar seg av tilboda i løpet av året.

	Samarbeid med andre sokn	Talet på grupper	Talet på deltagarar

6.B.1 Dreiv kyrkjelyden leiarkurs og liknande for unge 13-17 år?

Ja Nei

Ja Nei

Ja Nei

6.B.2 Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, ver venleg spesifiser kva for sokn det gjeld:

6.C Tilbod til unge vaksne – 18-30 år

Opplæringstilbod og diakonale tilbod til unge vaksne i alderen 18-30 år.

Talet på deltagarar. Gi omtrentleg tal på personar som nytt tilboden i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge vaksne (unike personar) som nytt seg av tilboda i løpet av året.

		Samarbeid med andre sokn	Talet på tilbod	Talet på deltagarar
6.C.1 Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for unge vaksne 18-30 år?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.C.2 Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement, leirar o.l. for unge vaksne 18-30 år?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.C.3 Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l.?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.C.4 Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, ver vennleg spesifiser kva for sokn det gjeld:				

6.D Ulike tilbod til vaksne

Talet på grupper/tilbod og talet på personar som nytt tilboda. Gi omtrentleg tal på personar som nytt tilboden i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange (unike personar) som nytt seg av tilboda i løpet av året.

		Samarbeid med andre sokn	Talet på grupper/tilbod	
6.D.1 Hadde kyrkjelyden tilbod om bibelgrupper, bibelringar, samtalegrupper eller husfellesskap?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.D.2 Organiserte kyrkjelyden bibelkurs?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.D.3 Hadde kyrkjelyden andre organiserte tilbod med opplærings som formål?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.D.4 Hadde kyrkjelyden tilbod om ekteskapsgrupper/samlivsgrupper?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.D.5 Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.D.6 Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei			
6.D.7 Heldt soknet/kyrkjelyden andakter på institusjon eller aldersheim?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	Talet på andakter 28
6.D.8 Hadde kyrkjelyden besöksteneste?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Talet på besök 119
6.D.9 Blei det utført soknebod i kyrkjelyden?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Talet på soknebod
6.D.10 Blei det utført sjælesorgsamtaler i kyrkjelyden?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Talet på samtalar 4
6.D.11 Blei det arrangert turar for kyrkjelyden?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Talet på turar 1
6.D.12 Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	... retta mot inn-vandrarar <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei ... retta mot andre utsatte grupper

Ja Nei

6.D.13 Hadde kyrkjelyden tilbod retta mot menneske med funksjonshemming?

Ja Nei

Ja Nei

Talet på andre diakonale tilbod

1

6.D.14 Hadde kyrkjelyden andre sosiale og diakonale tilbod?

6.D.15 Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, ver venleg spesifiser kva for sokn det gjeld og i kva for sokn deltagarne er førd i:

Mjømna
sokn i Gulen.

7 Kyrkjemusikk, kulturarbeid og open kyrkje

Har kyrkjelyden vedteke lokal plan for kyrkjemusikk?

Ja Nei

Hadde soknet fellestiltak med andre sokn innan kyrkjemusikk, kor og/eller kulturarbeid?

Ja Nei

Talet på
sokn

7.A Kor og korgrupper

Kor mange kor og korgrupper blei drive i kyrkjelydens regi?

Dersom fleire sokn har kor, korgrupper eller gjennomfører anna kulturarbeid saman, skal det oppgis i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal oppgis i soknet der aktiviteten fann stad. I pkt 7.A. fører ein talet på kor og talet på medlemmer i kora. Talet på medlemmer tel ein anten ved kor mange som betalar medlemskontingent eller går i koret nokolunde fast.

Talet på kor/korgrupper

0

Talet på medlemmer

7.A.1 Kor for barn og unge

0

7.A.2 Kor for vaksne/familiekor

7.C Kor mange andre kulturarrangement blei haldne?

Talet på
kulturarrangement

0

Talet på personar som
nytta tilboda

0

Spesifiser tilbod/arrangement

7.C.1 ... I regi av
kyrkjelyden

0

7.C.2 ... I regi av andre

0

7.D Var det i statistikkåret tilbod om open kyrkje i soknet?

Talet på dagar/kveldar opne i løpet av året

7.D.1 Open kyrkje

Ja Nei

2

7.D.2 Pilegrimskyrkje

Ja Nei

Totalt tal på
frivillige

75

8 Frivillige medarbeidarar

8.A Totalt tal på frivillige

Kor mange frivillige medarbeidarar var totalt engasjert i arbeidet i kyrkjelyden? (Ein person teljast ein gong i dette feltet).

Talet på frivillige

36

0

3

8.B Kor mange frivillige medarbeidarar (15 år eller eldre) var tilknytta:

8.B.1 ...planlegging og gjennomføring av gudstenester?

Talet på frivillige

36

8.B.2 ...barnearbeid/trusopplæringstiltak i kyrkjelyden (0-12 år)?

0

8.B.3 ...ungdomsarbeid/trusopplæringstiltak i kyrkjelyden (13-25 år)?

3

8.B.4 ...kyrkjelydens diakonale arbeid?

10

8.B.5 ... kultur- og konsertarrangement til kyrkjelyden?

20

8.B.6 ...komité- og utvalsarbeid?

18

..... herav medlemmer og varamedlemmer i soknerådet?

13

8.B.7 ...anna kyrkjelydsarbeid som ikkje er tatt med under pkt. 8.B.1-8.B.6?

0

8.C Opplæring og samlingar

		Talet på samlingar	Talet på personar som nyttar tilboda
8.C.1 Gav kyrkjelyden tilbod om opplærings- eller motivasjonssamlingar for frivillige vaksne medarbeidarar?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		
8.C.2 Arrangerte kyrkjelyden fest for frivillige, medarbeidarfest o.l.?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		

9 Misjons-, vennskaps- og solidaritetsarbeid

I pkt 9.1 og 9.2 er det alfabetisk liste over land. Skrolle nedover med pil til aktuelt land.

	Samarbeid med andre sokn?	Dersom det er svart ja for samarbeid med andre sokn, vennligst spesifiser hvilke sokn det gjeld	Talet på misjonsavtalar	Land 1
9.1 Hadde kyrkjelyden ein (eller fleire) misjonsavtala(r)?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		1	Thailand
9.2 Hadde kyrkjelyden ein (eller fleire) vennskapsrelasjon(er) til ein kyrkjelyd eller organisasjon i eit anna land?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei			Land 2 Land 3
9.3 Hadde kyrkjelyden arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema?	<input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei		1	Land 1 Land 2 Land 3

Spesifiser tiltak
Basar misjonsforeining

10 Ofringar, innsamlingar og gåver

10.1 Kor stort beløp blei samla inn ved offer/kollekt i kyrkja?

Totalt beløp, heile kroner

31476

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemد? Heile kroner

5997

10.2 Kor stort beløp blei samla inn via givartenesta i kyrkjelyden?

3250

3250

10.3 Kor stort beløp blei samla inn av kyrkjelyden ved andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande?

43835

40935

11 Merknader

Her kan ein til dømes nemne/presisere forhold ved enkelte av felta dersom verdiane avvik vesentleg frå året før. Ein kan også nemne kva for felt/tal som gjeld for fleire sokn.

Eventuelle koronatiltak

Dersom soknet har koronarelaterte tal for streaming av gudstenester og deltagarar på desse som soknet ønsker å rapportera, kan soknet nytte seg av felta under.

Er dissa tala allereie summert og rapportert saman med dei vanlege gudstenestetala, skal tala **ikkje** inkluderast her.

Har sokna andre koronarelaterte tenester eller meir detaljerte gudstenestetal som soknet ønsker å rapportera, nytt merknadsfeltet over.

Tal på nettbaserte gudstenester pga. korona ikkje rapportert andre stader

Tal på deltagarar på nettbaserte gudstenester pga. korona ikkje rapportert andre stader

12 Kontroll mot forrige år - fyllast ut automatisk.

I denne seksjonen gir vi de moglegheit til å gjera ei samanlikning mot tal frå førre år på enkelte felt i skjema. Det er lagt inn nokre kontrollar (grenseverdiar) mot fjarårstal. Dersom desse kontrollane slår ut for enkelte felt, ber vi de ta ein ekstra sjekk av årets tal. Eventuelt, forklar store avvik i pkt. 11 merknader.

Feltnavn	Absolutt avvik	Prosentvis avvik	Verdi forrige periode
3.3 Konfirmasjonar	-2	-22,2	9
3.4 Vigslar	1	0,0	0
3.6 Gravferder	-1	-10,0	10
4.A.3 Totalt tal på gudstenester	-1	-2,1	48
4.A.3 Totalt tal på deltagarar på gudstenester	154	17,3	889
4.C.1 Nattverdsgudstenester, kor mange	5	20,0	25
4.C.1 Deltakarar til nattverd	28	25,5	110
4.C.5 Gudstenester for barnehagebarn	0	0,0	0
4.C.5 Deltakarar på gudstenester for barnehagebarn		0,0	
4.C.6 Gudstenester for skoleelevar	1	0,0	0
4.C.6 Deltakarar på skolegudstenester	63	0,0	
4.C.9 Julaftangudstenester	0	0,0	4
4.C.9 Deltakarar på julaftangudstenester	91	76,5	119
6.A.1 Deltakarar på babysong (kor mange)		0,0	
6.C.3 Leiarkurs - talet på deltagarar		0,0	
6.D.8 Andakter på institusjon - kor mange	-7	-20,0	35
7.A.1 Talet på kormedlemmer i kor for barn og unge		0,0	
7.A.2 Talet på kormedlemmer i vaksne/familiekor	-15	-100,0	15
11.1 Offer/ kollekt - totalt i kroner	3218	11,4	28258
11.2 Givertenester - totalt i kroner	-8450	-72,2	11700
11.3 Andre innsamlingar - totalt i kroner	-1689	-3,7	45524